

## **Velsmakande og ernæringsmessig god mat**

Ei fersk undersøking som Forbrukarrådet har gjort blant norske kommunar, viser store skilnader i kor mykje pengar som blir brukt på mat til eldre på sjukeheimar. Nokre kommunar brukar ned mot 40 kr per bebuar i døgnet, mens andre brukar fire gonger så mykje.

Ifølge Helsedirektoratet er mellom 20 og 60 prosent av brukarane i eldreomsorga underernærte, eller i risikosona for å bli det. Dette er uakseptabelt høge tal. God ernæring er svært viktig for å oppretthalda ei best mogleg helse, førebyggja sjukdom og for å oppretthalda funksjonsevna lengst mogleg hos dei eldre.

I undersøkinga til Forbrukarrådet vart ikkje matkvaliteten undersøkt. Det er difor ikkje mogleg å seia noko om kor mykje pengar som skal til for å gi bebuarane eit godt mattilbod. Men forskjellane i pengebruken er likevel så store at ting heilt klart bør undersøkjast nærare. Det første som bør gjerast er at alle norske kommunar utarbeider ein mat- og måltidspolitikkk som sikrar alle eldre ei god matomsorg. Om ein slik ikkje alt er utarbeidd i Kvinnherad, vil Miljøpartiet Dei Grøne snarast råd etter valet sørgja for at rådmannen set i gang dette arbeidet.

Mottakarar av pleie- og omsorgstenester skal ha eit trygt, velsmakande og ernæringsmessig godt mattilbod. Som opplyst i fleire tidlegare lesarinnlegg, meiner Miljøpartiet Dei Grøne at maten som vert servert skal vera fersk, varm, nykokt og smaksrik. Vi ønskjer i tillegg at matproduksjonen skal skje lokalt.

Ha eit godt val!

Knut Førland,  
Listekandidat  
Miljøpartiet Dei Grøne